

Helsing frå biskopen
Side 3

Klokkestrengen til
Martin
Side 4

Minnegudsteneste på
Nyttårsafta
Side 5

SJÅ MEG!
Side 7

4-åringar
i Dale kyrkje
Side 8

Konfirmantjubilantar
Side 9 og 10

Konfirmantarbeidet
Side 11



Vi ynskjer alle lesarane
ei velsigna julehøgtid,
og alt godt for det nye året.

VAKSDAL PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 Fax 56 59 39 29

e-post:

kyrkjekontoret@vaksdal-kyrkjer.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30,

onsdag kl. 10.30-13.30

Kyrkjeverje Svein Tøsse,

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltlf. 95 97 99 05

e-post:

kyrkjeverja@vaksdal-kyrkjer.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 39 20 ,

e-post:

soknepresten@vaksdal-kyrkjer.no

Tlf. privat 56 59 73 15

Mobiltlf 90 19 65 14

e-post: frode.kvamsoe@c2i.net

Kapellan Edvard Bø

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltlf. 90 84 06 24

Fax 85 02 45 70

e-post: kapellanen@vaksdal-kyrkjer.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Kantorane Olav Arne Steinkopf og

Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf.kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

e-post: steinkopf@c2i.net

Organist i Eksingedalen og Eidsland

Asbjørn Nese

Tlf.privat: 56 59 59 26

VOKT-arbeidar

Knut-Erlend Rosvold

Tlf.kontor: 56 59 39 22

Mobiltlf.: 95 81 65 91

e-post: vokt-vaksdal@innboks.com

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Barfrost...

Akebrettet var stort, innpakka i nissepapir, og tok det meste av plassen under juletreet. Eg visste kva det var utan å klemme på pakka.

Gleda låg klar i magen.

Ute i vinterbygda låg bakkane rimfrosne og gule, utan ei snøfille. Når eg endeleg skulle få eit akebrett som var stort nok til å trekkje beina oppi, var det barfrost.

1. juledag snødde det. Akebrettet fekk jomfruturen over eit tynt lag med nysnø, der tørrkvistar og restar etter hesjestaur og streng laga dei fyrste små ripene i det blanke brettet. Snøføyka pakka seg oppunder slengbuksebeina. Gjorde ingenting. Meir snø, meir fart, større bakkar, lengre hopp. Herleg.

Middagsluren til foreldra var sikra, Gangerolf var heidra, (du hugsar vel Gangerolf ?) og klokka ti kom Jon Blund.

Året etter ynskte eg meg skeiser til jul. Då vart det mildver og regn til langt ut i januar.

Denne jula går tankane mine til dei borna som ynskjer seg Playstation 2 og ny mobiltelefon.

Og til foreldra.

Kyrkjeverja søker etter vedlikehaldsarbeidar !

Det er lagt til rette for ei omgjerung av stillingane i kyrkjene. Den økonomiske situasjonen gjer at me må redusere der me kan, og samle kreftene på nokre få tiltak. Det vert difor søkt etter ein person som kan ta for seg varierte vedlikehaldsoppgåver, i tillegg til å ha fast kyrkjegardsarbeid på Vaksdal. Stillinga kan til ei viss grad tilpassast søkjaren sine kvalifikasjonar. Sjå annonse.

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome inn til Kyrkjekontoret innan **7.febr.**

Neste nummer kjem ut i veke 9.

DET ER OSS DET HANDLAR OM!



Det var ei stor forteljing. Ho var vakker, men ho var lang, og eg var liten. Det hende at eg sovna, men eg hørde dei fortalde.

Men så oppfatta eg at no tala dei om meg! Då måtte eg høyre etter!

Mi vesle livsforteljing var på ein merkeleg måte vove inn i den store forteljinga. Mitt liv var felt inn i andre sine liv og i Gud sine draumar.

Den store forteljinga handla om krig og fred, liv og død, det håpefulle og det svikefulle, truløyse og brennande kjærleik.

Mi vesle livsforteljing handlar om kveldsbøn og tryggleik, lyst og leik, von og vonbrot, tru og tvil.

Men då er først hørde etter, då oppdaga et at ho passa utruleg godt inn i den store forteljinga, og at den store forteljinga gav meg nøklar så eg kunne tolke mi eiga vesle livsforteljing.

Og då eg skjøna at det er ein levande Gud som handlar i den store forteljinga og at han sjølv er medvandrar, då vart det viktig for meg å stadfeste det eg hadde sett og høyrde.


Eigenleg var eg jo lukka inn i den store forteljinga alt då eg vart døypt. Med først då eg tok konsekvensane av det eg no visste, vart eg medviten og ansvarleg til stades.

"Han kom til sitt eige", seier evangelisten Johannes i ein av juletekstane, "og hans egne tok ikkje imot han. Men alle dei som tok imot han, dei gav han rett til å verta Guds born, dei som trur på namnet hans." (Joh 1,11-12).

Det handlar om meg og deg og alle Guds skapningar når juleforteljinga vert fortald. I den store forteljinga er vi jo berre kvar for oss ein liten del. Men den vesle livsforteljinga vår får meining og retning og mål når ho vert felt inn i Guds store frelsesforteljing.

Ole D. Hagesæther
biskop

UTDELING AV BARNAS KYRKJEBOK I BERGSDALEN 8.12



Eline Lid Lervik og Frode Kvamsøe

Klokkestrengen til Martin

Av Grethe Slettmoen

- Sett i gang! Sa frøken til klasse 4b. Dei hadde tekstilforming dei siste tre timane og skulle lage klokkestrenger.

” Hugs kva eg sa om oppgåva!” ropa ho over all summinga i klassa. ” Det skal vere nissar, kuler og eple. De hugsar det om julesymbol? Her ligg noko granskjegg som er fint til nissehår. Bruk fantasien!”

Martin avgjorde fort at det ikkje skulle nokon nisse på klokkestrengen hans. Maken! Julesymbol, du liksom. Frøken visste ikkje mykje om jul. Tankane arbeidde medan fingrane teikna et raudt hjarte i filt. Han klipte det ut og limte det på, om lag på midten. Så laga han eit kvitt lys med gul flamme. Lyset fekk plass over hjartet.

Innimellom kasta han eit blick rundt seg for å sjå kva dei andre gjorde. Det blei visst nissar i alle storleikar og fasongar. Praten gjekk livlig medan dei arbeidde.

Martin fekk ein klump i magen. Var det berre han som visste kva julesymbol var, eller? Han rusla rundt og fann den filten han trong. Han sa ikkje stort, for han hadde det travelt med tankane sine. Ei knallgul stjerne fekk han på plass øvst oppe på klokkestrengen. Kva meir kunne han lage?

Han blei avbrote av frøken. ” Martin, har du granskjegg til nissen din? Kom og få!”

Motvillig gjekk han fram og fekk ein neve med gråbeige granskjegg. Kva skulle han bruke det til? Så kom ideen. Han tvinna ei raud snor rundt midten på skjegget. Kritisk studerte han arbeidet sitt. Likna det ein engel, tru? Jau, det gjekk. Han fann tekstil-limet og festa engelen på klokkestrengen. Så laga han ei filtbjølle, og dermed var det ikkje plass til meir.

Det nærma seg slutten på skoledagen. Frøken gjekk rundt og titta på dei ferdige klokkestrengene. Ho var riktig nøgd. Då ho kom til Martin sin pult, snudde ho arbeidet hans og såg på det. ” Skulle det ikkje vere nissar på han, då?”

Martin kjende at kinna blei raude og varme. ”Nei,” sa han med skjelvande stemme. ”Nissar har aldri vore viktige heime hos oss.”

Det var godt å få sagt det.

”Alle pyntar vel med nissar til jul?”

” Ikkje vi,” sa Martin. ”For jula er ei kristen høgtid og nissar er ikkje kristne.”



Dei andre snudde seg mot pulten hans og lydde. Var dette den stille Martin dei kjende?

”Forklar meg om julesymbola dine då,” bad frøken med lita forståing i stemma.

”Her er Betlehemsstjerna øvst, for jula har med Jesusbarnet å gjere. Så kjem lyset, og det er liksom Jesus, for han blei eit lys for verda.”

Martin blei ivrig no. ”Hjartet er symbol på kjærleiken frå Gud fordi han gav sin einaste son. Og bjølla er kyrkjeklokka som ringer julaftan og seier at no skal vi feire ei kristen jul.”

Dei andre elevane følgde nøye med.

”Men nedst har du i alle fall ei nissekone med skjørt,” prøvde frøken seg.

”Det er ein engel,” sa Martin stille.

”Det er ein av dei som song om Jesus for gjetarane.”

Pål bana seg veg mellom pultane, heilt fram til frøken og Martin. ”Dette er akkurat det vi har hatt om i kristendomslekse, så Martin har rett, frøken!”

”Ja, han har jo det,” sa frøken. ”Men no er timen slutt. Putt arbeida dykkar i posane og ta dei med heim. Takk for i dag!”

”Tøft gjort, Martin,” sa Pål og klappa klassekameraten på ryggen i det dei gjekk ned trappa. ”Vi fekk noko å tenkje på alle saman, frøken også.”

Martin såg på Pål. ” Det var fint det du sa om kristendomsleksa. Førstemann ned!” Og dermed for dei to gutane i full fart ned trappa.

(KPK/Barnebladet Blink)

MINNEGUDSTENESTE PÅ NYÅRSAFTAN

På nyårsaftan kl.16:00 vert det ei minnegudsteneste i Stamnes kyrkje. Det vil vere ei fellesgudsteneste der vi inviterer pårørande spesielt til alle som har mista nokon av sin kjære det siste året. Det gjeld altså ikkje berre for dei som kjem frå Stamnes, men frå heile kommunen. Gudstenesta er open for alle. Her kan ein finne ei stille stund på siste dag i året og samla tankane. Nokon har kanskje fleire dei syrgjer over, og nokon har sorga knytt til ei grav ein anan stad. Også dei vert inkluderte.

Gudsteneste med mening

Som prest har eg med meg denne tradisjonen frå tida eg virka på Eidsvoll. Dette var noko av dei finaste og særskilt meningsfylde gudstenestene eg fekk halde. Mange har andre stader vert vande med å ha minnegudsteneste om hausten på Helgemessesundag. Men eg fann at det nett på nyårsaftan fekk vere ei god hjelp til å seie farvel til det siste året dei kjære levde, og at livet må gå vidare inn i eit nytt år. Det er så mange kjensler folk sit med, og ein kjenner seg gjerne litt ekstra einsame på dei store høgtidene.

Namn og ljøs

Det er ei enkel gudsteneste. Hovudsaka er å lese namna på alle som er gått bort siste året og gravlagd/ jordfesta ved ei av dei sju kyrkjene i Vaksdal. For kvart namn vil vi tenne eit ljøs. Imellom namnelesing og ljostenning vil kantoren spela meditasjonsmusikk på orgelet. Vi vil tenne eit ekstra ljøs for dei som har sorga si knytt til nokon som døydde tidlegare år, eller på ein annan stad. Når alle ljøs er tende, held presten ei preike. Det vert ei kort bøn før velsigning. Under postludiet som kantoren spelar på orgelet, kan alle som ynskjer det, går rundt

altaret og sjå nærare på ljøskrossen, og presten vil helse dei i handa.

Ein liten stans på sorgvegen

Sorga vert ein aldri ferdig med. Sorga er ein prosess. Kanskje nettopp vegen er eit godt bilete. Krossen viser veg. Ljosa lyser på vegen vi må vandre. Vi går ikkje einsame. Det er ikkje alltid dei mange orda, men varmen og omtanken vi treng. Å sjå eit ljøs for morgondagen òg. Er det von for morgondagen? For nokon kan det ta tid å finne den vona. Ein liten stans der du får puste langs vegen, gir ikkje alle svara. Kanskje er det spørsmåla som vert mest påtrengjande. Rakettane og all gleda og festen på nyårsaftan er det ikkje alle som klarar ta del i. For deg er ei lita stille stund i kyrkja kanskje det som gir mest mening denne dagen.

Du er velkomen.

Edvard Bø



Foto: Svein Ulvund

FØRJULSSALME

I denne gråe tida då året går mot natt,
Då ventar me på gleda som kvart eit år kjem att.
Då lyser julestjerna som skal formidla fred
og minna oss om barnet som kom frå himlen ned.

Men me har gløymt å venta med rette barnesinn
Og difor har me vanskar med å sleppa freden inn.
Den fred me vil bevare igjennom tid og rom
Får stendig nye åtak frå naud og fattigdom,

Og ikkje har me tid til å setja oss i lag
Fordi at våre dagar er fylt av mas og jag
Og alt vårt kav og møda omkring i verda vill,
gjer det så tungt å venda den gode sida til.

Så lat oss alle prøva å ta det litt med ro
Og tenkja litt på stjerna som lyser klår og god
Og lat så alle meina dei fagre ord i dag
Om fred på heile jorda og alle folkeslag.

Arnljot Møster

JULEKVELD

På denne korte dagen som alle ventar på
vert verda brått forandra og åra riktig små.
Og Josef og Maria dei vandrar trottug fram
for å få finna natterom og fødestad for Han.

To årtusen har krympa og vorte til ein kveld
då Frelsaren vert fødd på nytt og verda høgtid held.
Men i vår verd av ynskjer om alt som me kan få,
kan henda vert Han vanskeleg å få auge på.

Arnljot Møster



Sjå meg!

Det vert namnet på årets konfirmantmusikal/konsert. Vi satsar på å halde konsert på to ulike plassar. Fyrst ein tur inn til Modalen og så på Stanghelle i helga 15. og 16. februar. Namnet er henta frå ein av songane til Bjørn Eidsvåg der han syng: ”Se meg!”

Musikalen vert eit knippe av Bjørn Eidsvåg sine songar med solistar og koring. Kanskje publikum og får vere med. Bjørn Eidsvåg har vorte ein populær artist med mange fine songar heilt attende til fyrste plata ”inn for landing” som kom ut i 75/76. Då var foreldra til konfirmantane ikkje mykje eldre enn konfirmantane er no. Men Bjørn har vore populær i alle åra, og no til jul sel han så det står etter. Så han skulle nok ikkje vere heilt ukjend for dei unge sjølv i dag.

Songane hans har gode og djupe tekstar. Han har ein eigen evne til å røre ved liva våre så vi kjenner oss att.

Det er eit stort spenn i produksjonen hans. Vi får berre presentert nokre få, men dei er henta frå det beste i ulike periodar.

Vi vonar at det vert ei fin oppleving for både konfirmantar og foreldra, og andre tilhøyrarar. 15. og 16.februar vil konfirmantane seie til folk i heile Vaksdal og Modalen med: **Kom, sjå meg! Sjå oss.** Og ikkje minst **høyr oss!**

Samstundes handlar det om gjennom songane å verte kjend med Jesus Kristus. For det er jo han som Bjørn Eidsvåg søkjer å formidle, ein Jesus som bryr seg. Ein Jesus som ser og høyrer og kjenner liva våre. Vi vert òg utfordra på korleis trua vår vert levd i kvardagen anten han er grå, svart eller lys og god. Bjørn Eidsvåg speglar alle desse sidene av livet og set det i ei ramme av tru, om ho nokre gongar berre er ganske spe og famlande. Og nett der er det vel konfirmantane er i livet på vegen frå born til vaksne.

Edvard Bø



**Du har eit liv som er verdt å leva,
same kor mørkt det ser ut,
ein kamp som er verd å streva,
ein kamp du vil vinna til slutt.
Om berre du ser den gåva
som Herren vil gjeva til deg.
/:Gjer du det, så har Skaparen lova
å leia deg fram på din veg.:/
For så høgt har Gud elska verda,
Han gav oss sin eigen Son,
og kvar den som trur skal få leva,
og gå inn i Guds heilagdom.**

**Den gåva er Kristus åleine.
Han er overalt der du fer.
Dine hender treng ikkje ver' reine.
Han elsker deg slik som du er.
Så lat ikkje skatten få liggja,
den venaste skatten på jord.
/:Du treng ikkje trygla og tigga,
du får han på Herren sitt ord.:/
For så høgt har Gud elska verda,
Han gav oss sin eigen Son,
og kvar den som trur skal få leva,
og gå inn i Guds heilagdom.**

Bjørn Eidsvåg

**UTDELING AV BARNAS KYRKJEBOK
I DALE KYRKJE 10. NOVEMBER 2002**



4-ÅRINGAR FRÅ DALE



4-ÅRINGAR FRÅ STANGHELLE

KONFIRMANTJUBILEUM I DALE KYRKJE 13.OKT.2002



60-ÅRS KONFIRMANTAR

Sokneprest Frode Kvamsøe, Åse (Nilsen) Søvik, Inger (Rørbakken) Lie, Anna (Salberg) Ramsli, Randi Bruvik Austbø, Anny (Vatle) Kvamme, Otto Sæterdal, Ole Gilje Dale, Ada Grenasberg Thunestvedt, Lilly Vatle Vågen, Sigfrid Zakariassen Helle.



50-ÅRS KONFIRMANTAR

1.rad frå venstre: Ester (Lie) Sellevold, Kirsten Thaulle Hatt, Solveig (Dale) Vie, Bjørg (Tungeland)Pedersen.

2.rad frå venstre: Irene (Ekanger) Lønnebotn, Åslaug (Lid) Møster, Sonja(Ekanger) Davidsen, Odd Alvheim, Bjørg Vatle, Lodin Rødland, Ellinor (Hernes) Birkeland, Arne Verpelstad, Egil Haug, Magnar Hårvik, Arne Korbøl, Sverre Langhelle, Torbjørn Fosse, sokneprest Frode Kvamsøe.

50- og 51-ÅRS KONFIRMANTAR I VAKSDAL 6.OKTOBER 2002



Foto: Kjell Nysted

1.rad frå venstre: Arlett (Sæterdal) Raknerud, Gerd (Sæterdal) Nyheim, Britt (Eide) Herfindal og Turid Gundersen Ulevik, (51 års konfirmant)
Bak frå venstre: Bjarte Tolås, Ole-Jacob Kvinsland, Odd Sæterdal, Nils A. Jamne, Einar Furubotn, Alf Bernes, Birger Løvtedt og Arnfred Bruvik (51-års konfirmant)

NATTEVAKNE KONFIRMANTAR



Ei heil natt med fotball har etterkvart blitt ein tradisjon for konfirmantane våre. For tredje året var vi med på nattcup i fotball i november. Staden var Haukelandshallen, og over 700 konfirmantar frå Bergen og omegn var med, mellom dei 30 av våre.

Gutelaget kom til sluttspilet, men tapte kampen 0-1. Likevel: Det var stort sett nógde konfirmantar og leiarar som sat og sov i bussen på vegen heim.



GRUPPEAKTIVITETAR FOR KONFIRMANTANE

Nytt av året er at konfirmantane kan velje mellom fire ulike gruppe-aktivitetar. Vi har ei idrettsgruppe kalla KRIK, ei korggruppe, ei samtalegruppe og ei mediagruppe. Her kan dei få utfalla seg utifrå ulike interesser samstundes som dei vert kjende med ulike sider av kyrkjelydane og kyrkja vår.

KRIK Ordet tyder ”Kristen Idrettskontakt” og er ein landsdekkande organisasjon som ynskjer å ha idrottsaktivitetar i eit kristent miljø. Voktarbeidaren vår, Knut-Erlend Rosvold, har starta opp dette arbeidet lokalt som eit nytt ungdomsarbeid for konfirmantar. Her vert konfirmantane kjende med annan kristen ungdom i lokalmiljøet som likar å drive med idrett på fritida. Dei får drive leik med ulike idrottsformar utan konkurransepress.

KORGRUPPA Her vert konfirmantane med i koret Kilden. Dei er med på

fredagsøvingar og på konsertar. I koret får dei kontakt med dei vaksne i kyrkjelyden, og får lære ulike kristne songar.

SAMTALEGRUPPA Dette er ei lita ”eksklusiv” gruppe som samlast i heimane. Dei tar opp ulike etiske og andre tema til diskusjon. Det handlar ikkje om fasitsvar, men å stille spørsmål og filosofere over kva ein sjølv vil tenkje om ulike ting.

MEDIAGRUPPA Vi har vært så heldige at vi får nytta det nye opplæringscenteret på Dale til konfirmantforebuing. Dei har 12 pc’ar så kvar av konfirmantane får nytta kvar sin. Det skal vere litt moro, så konfirmantane får tid til å surfe fritt på breibands-tilkoplinga innafor visse sjølvsahte begrensingar om kva som høver seg. Målet for gruppa er å skulle arbeide fram eit kyrkjeblad der konfirmantane har hovudoppslaga. Det vert eit nummer som kjem ut like før påske. Her vil konfirmantane sjølv presentere meir av konfirmantopplegget.



Ein av konfirmantane, Ruben Johansen, i djup konsentrasjon framfor dataskjermen

OMBYGGING AV BENKANE I BERGSDALEN KYRKJE OG NY KJØKENINNREIING I KYRKJEKJELLAREN

Dei som kjem til kyrkje 2.juledag i Bergsdalen, vil truleg få ei god oppleving på fleire måtar. Benkane i kyrkja har ikkje vore gode å sitja på. Ryggane blei i si ikkje laga rett etter dei opprinnelege teikningane, og dei vart for korte.

For nokre år sidan mottok Bergsdalen sokneråd ei anonym gåve på til saman 150.000,- kr. som skulle nyttast til kyrkja. Pengane skulle ikkje gå til drift, men til ting som ein ikkje kunne få dekka over kyrkjebudsjettet, t.d. betring av benkane i kyrkja.

Soknerådet har arbeidd ei tid med å finna ei god løysing på benkeproblemet, og har

enda opp med ein avtale med Hægland Interiørfabrikk i Samnanger. Dei fekk ein benk inn til prøve og har kome fram til at dei kan laga ryggen høgare og endra felta, slik at det vert godt å sitja. I tillegg skal overflata slipast ned og beisast opp att i syrebeis.

9.desember vart benkane henta og skal vera på plass før jul. Ei gledeleg melding for alle som set pris på Bergsdalen kyrkje.

Tidlegare i år blei det sett inn nye skap og skuffer i kjøkkenet i kyrkjekjellaren. Dette var også kjøpt inn frå Hægland Interiørfabrikk, og utgiftene vart dekka av den store gåva som kyrkja har motteke.

NORDHORDLAND INDREMISJON - NYÅRSMØTET 2003 I VAKSDAL

I 1902 vart det sett i gong noko som skulle visa seg å verta ein lang tradisjon. Nordhordland Indremisjon arrangerte sitt første nyårsmøte, og sidan har dette vore årleg. Møtet plar gå på omgang i dei ulike distrikta innan indremisjonskrinsen, og denne gongen er turen komen til Vaksdal.

10.-12. januar vert det møte i bedehuset og i kyrkja, samfunnshuset er innleigd til måltida. Det er indremisjonsforeiningane i kommunen som har ansvaret for den praktiske sida av arrangementet.

Det vert møte i bedehuset fredag kveld, laurdag vert det møte i kyrkja kl. 11.30, 16.30. og 19.30.

Søndag deltek nyårsmøtet i gudstenesta på føremiddag, og avslutningsmøtet vert i kyrkja kl. 14.30. Alle møta er opne for alle. Sjå etter detaljprogrammet i lokalaviser og på oppslag, og møt gjerne opp på eitt eller fleire av møta.

Ola Tulluan og Aud Karin Kjølvik er hovudtalarar denne gongen. Tulluan er generalsekretær i Norsk Luthersk Misjons-samband, medan Kjølvik er misjonssekretær i Indremisjonsforbundet. Song- og musikk-krefter vil delta på alle møta.

KURS FOR NYE FRIVILLIGE MEDARBEIDERER

Kirkens SOS starter nytt intensivt kurs for frivillige medarbeiderer.

Kurset går over to helger (fredag/lørdag) og to onsdagskvelder.

Kursstart er 14.og 15.februar 2003.

Medarbeider har vakt ca. hver 12.dag og får støtte og veiledning så lenge de er med i tjenesten. For å bli med i tjenesten må du være over 20 år. Oppgaven er å lytte til innringer, og tåle å møte et annet menneskes smerte og sorg.

Medarbeiderne skal ikke finne løsninger eller "gode råd".

Velkommen til et godt fellesskap og meningsfull tjeneste!

Ring Kirkens SOS tlf. 55 32 58 45 på dagtid eller 480 35 841 kveld og helg.

TAKK FRÅ ORGELNEMNDA

Til gudstenesta 17.mai 2002 vart det etterlengta nye orgelet kome på plass. Orgelet vart vigsla av kapellan Edvard Bø, og for fyrste gong kunne kyrkjelyden syngja saman med det nye instrumentet. Etter gudstenesta var det berre vellete å høyra.

Orgelnemnda var lukkeleg og stolt over å få orgelsaka i hamn. Det var spanande tid før kyrkjeleg fellesråd gav sitt samtykke til å kjøpa orgelet. Me vil takka fellesråd og kyrkjevevje for at dei tok dette standpunktet. Fellesrådet er i ei svært vanskeleg stode når det gjeld økonomien. Likevel meiner orgelnemnda at det var eit rett vedtak.

Orgelnemnda vil også takka alle som har støtta opp økonomisk på ymse vis. Stamnes sokneråd saman med nemnda forplikta seg til å skaffa til rettes 150.000 kroner. Men ein trong visst ikkje ottast. Pengane strøymde inn. Det var gåver frå privatpersonar, tilskot frå bedrifter, lag, o.l., basarar, konsertar o.l., minnegåver ved gravferder og offer i kyrkjene. Likeeins vart det gjort dugnadsarbeid i kyrkja ved fjerning av foldedører, bygging av plattform for orgelet og målararbeid. Dei fleste synest at kyrkjerommet er vorte finare no.

Me vil takka kantor Olav Arne Steinkopf som har vore konsulent og fagmann og har gjeve nemnda gode råd.

Etter at nemnda har betalt det dei har bunde seg til, nemleg 150.000 kroner, viser rekneskapen at me har innestående på konto 56.982,83 kroner + renter.

Nemnda har saman med konsulenten heile tida hatt i tankane å byggja til ein sub-bass på orgelet. Orgelbyggjar Husted nemnde ein pris på 130.000 kroner. Den 11.nov. 2002 var nemnda samla til møte saman med konsulenten Steinkopf. Nemnda bad då konsulenten å arbeida vidare med saka. Me føler alle at det er noko som manglar før dei djupe basstonane er på plass. Me vonar og bed at dette lar seg realisera.

Til slutt atter ei hjarteleg takk til alle som har teke del i dette innsamlingsarbeidet på ei eller anna vis! Men aller mest takk til Gud! Må det nye orgelet lyda til Hans pris og ære og vera til oppbygging, glede og trøyst for dei som finn vegen til kyrkja.

For orgelnemnda
Asbjørn Nese, formann

Orgelfond for Eidsland kapell

På konto pr.01.01.02	69.469,33
Inntekter pr.31.10.02	<u>137.513,50</u>
	206.982,83
Betalt til fellesrådet	<u>150.000,00</u>
På konto pr. 31.10.02	56.982,83
Renter utrekna ikkje tillagt	<u>1.795,47</u>
Tilsaman	58.778,30

Spesifisering av inntektene 2002

Gåver frå private	23.700,00
Tilskot frå bedrifter, lag.	48.670,00
Basar + konsert o.l.	33.757,50
Minnegåver ved gravferder	17.950,00
Offer i kyrkjene	5.700,00
Overføring 12.02.02	7.736,00

Vaksdal kyrkjelege fellesråd søker etter Vedlikehaldsarbeidar

Stillingsstorleik 50%

Stillingsomtale:

I stillinga ligg alt vedlikehald og slått på Vaksdal gravplass. Vedlikehaldsarbeidaren skal utarbeide og fylgje opp vedlikehaldsplanar for kyrkjene og gravplassane i samarbeid med kyrkjevevja. Ha praktisk utføring og oppfølging av vedlikehald for bygningsmasse, planting, og gravminne i heile kommunen etter avtale. Stillingsstorleiken kan verte auka.

Krav til søkjaren:

Søkjaren må kunne arbeide sjølvstendig, og disponere eigen bil i arbeidet. Søkjaren bør ha fagbrev innafor anleggsgartner-, tømrrar- eller målarfaget, eller relevant praksis. Det vert lagt vekt på at søkjaren er positiv og hjelpsam i møtet med våre brukarar.

Andre vilkår:

Den tilsette får løn og køyregodtgjersle etter avtale. Det vert gjeve turvande opplæring.

Søknad sendast kyrkjevevja i Vaksdal, Pb.113, 5721 Dalekvam innan 15.01.2003

SLEKTERS GANG

DØYPTE

DALE

10.11 Oliver Sellevold Sæterdal

VAKSDAL

06.10 Roger Stavenes

17.11 Sander Våge Jordalen

17.11 Sebastian Yver Faugstad

17.11 Vanja Stammeshagen

AVLIDNE

DALE

17.10 Marie Moe Tungeland, f.1904

07.11 Olav Endestad, f.1924

15.11 Borghild Eliassen, f. 1906

21.11 Aslaug Dalseid, f.1927

01.12 Torbjørg Irene Rødberg Arne, f.1961

12.12 John Laastad, f.1927

VAKSDAL

22.09 Edith Andersen, f.1925

04.12 Sigfred Olsnes, f.1918

11.12 Ivar Andreas Langhelle, f.1911

STAMNES

17.10 Norvald Lunde, f.1928

06.11 Ester Straume, f.1918

07.11 Aud Ingeborg Frantsvåg, f.1927

17.11 Borghild Drangevåg, f.1913

EIDSLAND

08.11 Olav Eikefet, f.1925

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyarar:

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret.

Adressa finn de øvst i denne spalta.

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34

5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal,

Pb. 113, 5721 Dalekvam.

JULEKONSERT

I EIDSLAND KAPELL

Julaftan 24.des. kl.15.45

Eidsland skule m/syngjespelet

”Ei glede for heile folket”

Elevar frå kulturskulen.

”Knøttetrimmarane”

Messingblåsarar. Trekkspelmusikk

Hege Eide Vik. Øystein Steinsland

Arr.: Eidsland Grendalag

JULEFESTAR

Straume ungdomshus fredag 27.des.kl.16.30

Bergsdalen ungdomshus sønd. 29.des.kl.13.00

Stamnes bedehus søndag 29.des.kl.17.00

Vaksdal bedehus laurdag 4.jan.kl.17.00

Stanghelle bedehus søndag 5.jan.kl.16.00

NYTTÅRSKONSERT

I DALE KYRKJE 12.JAN.kl.18.00

Arr.: Norges Korforbund Hordaland

GODKJENDE

LEVERANDØRAR

AV GRAVMINNE

Desse leverandørane er godkjende for levering av gravminne. Alle gravminne må vera innafor forskriftene i gravferdslova. Dei fleste leverandørane har lokale kontaktpersonar.

Brødrene Strand Stenhuggeri AS

Decoform Gravmonumenter AS

Eikner Naturstein AS

Ellinggard Steinindustri AS

Kjøll Stenindustri

Sildnes stenindustri AS

Sæthre stenindustri AS

Øien stenhuggeri

Åsane stein AS

Alle andre levarandørar pliktar å søkje om godkjenning for kvart einskild gravminne fram til at gravminnekatalogen er godkjent. Godkjenning i andre kommunar gjev ikkje automatisk godkjenning i Vaksdal.

GRAVMONUMENTER

**fra Brødr. Strand
Stenhuggeri**

I våre kataloger finner De
flere hundre modeller.

Vi har alle aktuelle steintyper.

Be om katalog og pristilbud.

NB! Fritt levert og montert

alle kirkegarder i distriktet.

Skrifttilføyelser – Oppussing.

Harald Jordal

Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00

Returadresse: Kyrkjeblad for Vaksdal
Postboks 113
5721 Dalekvam

VELKOMEN TIL KYRKJE

VAKSDAL KYRKJE

24.des.kl.16.00 Julegudsteneste. Bø. Offer til Kirkens Nødhjelp.

25.des.kl.11.00 Felles høgtidsgudsteneste. Bø og Kvamsøe. Nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

31.des. kl.23.15 Midnattsgudsteneste. Kvamsøe.

12.jan. kl.11.00 Høgmesse. Bø. Nyttårs-møte for Nordhordland Indremisjon.

26.jan. kl.18.00 Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd.

9.febr. kl.11.00 Familiegudsteneste. Bø. Utdeling av Godt Nytt til 5.kl. Årsmøte.

2.mars kl. 17.00 Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd.

16.mars kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe. I samband med folkemusikkveka.

30.mars kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd.

DALE KYRKJE

24.des. kl.15.00 og kl.16.00 Julegudsteneste. Kvamsøe. Offer til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

25.des. Sjø Vaksdal kyrkje!

5.jan. kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd.

12.jan. kl.18.00 Nyttårskonsert med Hordaland korforbund.

19.jan. kl.11.00 Høgmesse. Bø. Nattverd.

2.febr. kl.18.00 Høgmesse. Bø. Årsmøte.

23.febr. kl.11.00 Familiegudsteneste. Kvamsøe. Utdeling av Godt Nytt til 5.kl.

5.mars kl.19.00 Sjø Stanghelle bedehus!

9.mars kl. 11.00 Høgmesse. Bø. Nattverd.

23.mars kl. 18.00 Tomasmesse. Bø og Kvamsøe. Nattverd.

STANGHELLE BEDEHUS

Oskeonsdag 5.mars kl.19.00

Skriftemålgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

STAMNES KYRKJE

24.des. kl.13.30 Julegudsteneste. Kvamsøe. Offer til Kirkens Nødhjelp.

26.des. kl.11.00 Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.

31.des. kl.16.00 Minnegudsteneste. Bø. Offer til konfirmantarbeidet i kyrkjelydane.

19.jan.kl.18.00 Høgmesse. Bø. Nattverd.

9.febr. kl.11.00 Familiegudsteneste. Kvamsøe. Utdeling av Godt Nytt til 5.kl. Årsmøte.

2.mars kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd.

16.mars kl.11.00 Høgmesse. Bø.

EIDSLAND KAPELL

Fredag 13.des. kl.19.00 Konsert med Kjersti Wiik, Laila Kolve og Asbjørn Nese.

24.des. kl.15.45 Julekonsert.

2.febr. kl.11.00

9.mars kl.11.00 Familiegudsteneste. Bø. Søndagsskulane sin skidag.

BERGSDALEN KYRKJE

26.des. kl.11.00 Høgtidsgudsteneste. Bø. Offer til Bergen Søndagsskolekrets.

EKSINGEDALEN KYRKJE

24.des. kl.12.00 Sjø Nesheim kyrkje!

9.febr. kl. 16.00 Høgmesse. Kvamsøe.

23.mars kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe.

NESHEIM KYRKJE

24.des.kl.12.00 Julegudsteneste. Bø.

5. jan. kl.11.00 Høgmesse. Bø.

23.febr. kl.16.00 Høgmesse. Kvamsøe.

VIKTIG MELDING!

Det er viktig at de ser etter i lokal-avisene og på plakatar for å kontrollera m.a. klokkeslett for gudstenestene.